



Arkivnr: 2017/1284-6

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30 03 17

#### Etablering av politisk arbeidsgruppe for fylkeskommunalt eigarskap

#### Samandrag

I sak 21/17 vedtok fylkestinget at fylkesrådmannen skal opprette ei politisk arbeidsgruppe som skal utarbeide strategiar for fylkeskommunen sitt engasjement og eigarskap i ulike selskap/bedrifter.

#### Forslag til avgjerd

Ei arbeidsgruppe bestående av gruppeleiarane i fylkestinget vert etablert. – Gruppa sitt mandat er å stå for ei heilskafeleg gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi.

Leiar:

Administrasjonen stiller naudsynte sekretariatsfunksjonar tilgjengeleg for arbeidsgruppa, og vil sørge for innkalling og avvikling av møte.

Arbeidsgruppa sine framlegg vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 14.03.2017

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama i møte 8.mars 2017 eigarskapsmelding 2017 PS 21/17.

Fylkesutvalet ba i si handsaming av saka om følgjande:

1. Fylkesutvalet ønskjer eit tydelegare oppsett av gruppering for dei ulike selskap/bedrifter fylkeskommunen har eigarskap i.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei tydeleggjering av kva rolle ein har som fylkeskommune inn i dei ulike selskap/bedrifter, heileigd eller medeigar i.

Det vil vere naturleg at arbeidsgruppa ser på alle oversendingsforsлага samla når dei har gjennomgang av saken.

Eigarskapsmelding 2017 dannar grunnlaget for vurderingane i arbeidsgruppa.

### Mål for politisk arbeidsgruppe fylkeskommunalt eigarskap

Politisk arbeidsgruppe skal bidra til det arbeidet om å nå fylkeskommunens regionalpolitiske mål knytt til utvikling av Hordaland-samfunnet ved å gå gjennom fylkeskommunens eigarskap i selskaper.

Politisk arbeidsgruppe for fylkeskommunalt eigarskap skal kome med ei tilråding til fylkesrådmannen når det gjeld dei overordna vurderingane knytt til den fylkeskommunale eigarskapen i selskap. Arbeidet skal munne ut i ei politisk sak som fremjast for fylkestinget.

### Arbeidsmåte

Politisk arbeidsgruppe har møte etter behov og så lenge gruppa finn det naudsynt. Arbeidet startast så snart gruppa er etablert, og vil jobbe fram eit forslag til fylkesrådmannen slik at det kan handsamast på fylkestinget i desember 2017. Tidlegare eigarskapsmeldingar, revisjonar og uttaler om eigarskapen legg grunnlaget for arbeidet. Gruppa kan og be om meir data og/eller uttaler som kan belyse eigarskapen.

### Aktuelle tema for politisk arbeidsgruppe

- Overordna prinsipp for fylkeskommunalt eigarskap
- Gjennomgang av eksisterande eigarskap
- Prinsipp for framtidige vurderinger av nye eigarskap, særleg knytt til eigarform, hensikt med eigarskap, finansielle og juridiske prinsipp, og strategiske vurderinger knytt til eigarskapens samanheng med samfunnsoppdraget til fylkeskommunen.
- Foreslå prinsipp for godtgjersler i selskap fylkeskommunen eig.

### Organisering

Politisk arbeidsgruppe for fylkeskommunalt eigarskap er sett saman av gruppeleiarane i fylkestinget.

Fylkesutvalet utpeiker faste deltakarar og leiar for gruppa.

Fylkesadministrasjonen ved næringsseksjonen er administrativt ansvarleg for gruppa. Administrasjonen tek initiativ til møte, sender ut innkalling med dagsorden, og har ansvar for at det skrivast referat. Møteinkalling og referat distribuerast til faste deltakarar.

Fylkesadministrasjonen er ansvarleg for at det fremjast politisk sak til fylkestinget innan desember 2017.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.03.2017**

**Pål Kårbø (KrF)** gjorde framlegg om *fylkesvaraordføraren* som leiar politisk arbeidsgruppe for fylkeskommunalt eigarskap.

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Endring av første setning (endringa i kursiv):

Ei arbeidsgruppe beståande av *fylkesordføraren* og gruppeleiarane i fylkestinget vert etablert.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaga frå Kårbø og Ryssdal vart samrøysta vedteke.

### **Vedtak**

Ei arbeidsgruppe beståande av fylkesordføraren og gruppeleiarane i fylkestinget vert etablert.

Gruppa sitt mandat er å stå for ein heilskapleg gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi.

Leiar: Fylkesvaraordføraren

Administrasjonen stiller naudsynte sekretariatsfunksjonar tilgjengeleg for arbeidsgruppa, og vil sørge for innkalling og avvikling av møte.

Arbeidsgruppa sine framlegg vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd.